

29.06 2020

## Undervisning til bruk ved smitteutbrot med koronavirus i sjukeheim og omsorgsbustad

Undervisningsopplegget er utarbeidd av Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) Vestland (Sogn og Fjordane) i tett samarbeid med hygienejukepleiarane ved Helse Førde. Det er ein «kortversjon» av tidlegare utarbeidd opplæringspakke til bruk i kohortavd/institusjon.

Undervisningsopplegget er ein del av «Prosedyre ved påvist Covid-19 i kommunal helseinstitusjon» i Sunnfjord kommune, og godkjent av kommuneoverlege Øystein Furnes. Det kan vere relevant for andre kommunar og blir delt via epost til kommunalsjefar og heimesida til USHT.

### Føremål:

Trygge helsepersonell i «akutt-situasjonen» som vil oppstå ved eit smitteutbrot, trygge dei i utføringa av arbeidsoppgåver i avdelinga og i direkte kontakt med bebuarane. Dei skal få ein repetisjon på:

- Smittevern, gjeldande rutinar og rett bruk av smittevernutstyr
- Verktøy for systematisk observasjon
- Lindrande behandling

Målet er å raskast mogeleg få kontroll ved påvist covid-19 på kommunal helseinstitusjon og slik redusere risiko for bebuar, redusere tal tilsette i karantene og redusere risiko for vidare smittespreiing.

### Føresetnader og referansar:

Vi legg til grunn at det er utarbeidd lokale rutinar basert på nasjonale anbefalingar og frå hygienejukepleier v/Helse Førde.

Det er ein føresetnad at verktøy og arbeidsmåtar under observasjonskompetanse og lindrande behandling er kjende for personalet og innført i tenestene. Det er truleg ikkje rett tidspunkt å introdusere dette i ein «akutt-situasjon» ved smitteutbrot.

Det som blir presentert i e-læring, film, pdf må alltid sjåast i samanheng med eigne rutinar/prosedyrar. Ta dei gjerne med i undervisninga.

Vi nyttar kjelder/ressursar frå nasjonale myndigheiter og kompetansemiljø slik at undervisningsopplegget er kunnskapsbasert og kvalitetssikra.

### Praktisk informasjon:

**Tid:** ca 4 t

**Stad:** I avdelinga, eller nærliggande lokale

**Utstyr:** PC, stor skjerm (evt framvisar), utstyr/skjema til praktiske øvingar

**Presentasjonen:** Lagre den på pc/minnepenn og opne den derifrå. Bruk «Lysbildeframvisning» for å få tilgang til lenkene.

**Ansvar:** Einingsleiar. Bruk gjerne interne ressurspersonar (hygiene, akuttspil, lindrande). Eksterne ressursar: USHT, Hygienejukepleiar v/Helse Førde, evt fagavd/-stab.

## Kontaktinformasjon

### **USHT Vestland (Sogn og Fjordane):**

**Marta Strandos**, leiar USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

Tlf 41 52 64 16 , epost: [marta.strandos@sunnfjord.kommune.no](mailto:marta.strandos@sunnfjord.kommune.no)

**Berit Ullebust**, utviklings- og kreftkoordinator

Tlf 90 64 17 04, epost: [Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no](mailto:Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no)

**Heimeside USHT:** <https://ushtsognogfjordane.no/>

### **Hygienesjukepleiarar Helse Førde:**

**Laila Aarnes**, Hovudkontakt

Tlf 99 16 02 26, epost: [laila.aarnes@helse-forde.no](mailto:laila.aarnes@helse-forde.no)

**Aina Helland**, Lærdal

Tlf 97 06 93 07, epost: [aina.helland@helse-forde.no](mailto:aina.helland@helse-forde.no)

**Lise Karin Sørensen**, Nordfjordeid

Tlf 95 28 21 69, epost: [lise.karin.sorensen@helse-forde.no](mailto:lise.karin.sorensen@helse-forde.no)

### **Heimeside Samhandlingsbarometer, Smittevern kommunar:**

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/smittevern-kommune/>

